

2020 –
2025

Øystre Slidre kommune Kommunedelplan for trafikktryggleik

Plandokument vedtate i
kommunestyret i sak xxx/yy
den aa.bb. 2020

Kommunedelplan for trafikktryggleik 2020 – 2025 er ein revisjon av tidlegare Trafikksikringsplan vedteke 18. desember 2014.

Målet med utarbeiding av ”kommunedelplan for trafikktryggleik” er å leggje grunnlaget for målretta og systematisk trafikktryggleiksarbeid på lokalplanet.

Innhald

1. Sentrale visjonar og mål

- 1.1 Nullvisjonen
- 1.2 Nasjonale tiltaks mål
- 1.3 Utfordringsbiletet i Oppland

2. Øystre Slidre kommune

- 2.1 Kommunen sitt ansvar
- 2.2 Kommunen sine medspelarar i trafikktryggleiksarbeidet
- 2.3 Trafikkbiletet i Øystre Slidre
- 2.4 Trafikkulykker
- 2.5 Kva kan vi lese av statistikk materialet ?

3. Ikkje-fysiske trafikktryggleikstiltak

- 3.1 Handlingsplan for ikkje fysiske tiltak
 - Born 0-15 år
 - Ungdom 16-24 år
 - Innvandrarar
 - Vaksne og eldre

4. Fysiske trafikktryggleikstiltak

- 4.1 Prioriterte tiltak langs fylkesveg 51
- 4.2 Prioriterte tiltak på fylkesvegane elles
- 4.3 Prioritering frå Øystre Slidre ved rullering av handlingsprogram for fylkesvegar 2022-2025
- 4.4 Prioriterte fysiske tiltak kommunale vegar
- 4.5 Program for busshaldeplassar
- 4.6 Revidering av kriterier for trygg skuleveg
- 4.7 Enklare tiltak

1

Sentrale visjonar og mål

1.1 Nullvisjonen

I Nasjonal transportplan (NTP) for 2002-2011 vart det vedtatt ein visjon om eit transportsystem som ikkje fører til tap av liv og hardt skadde. Denne er vidareført også i dei påfølgande transportplanane.



Nullvisjonen er ein visjon å strekkje seg etter - ikkje eit mål. Nullvisjonen føreset eit langsiktig systematisk og målretta arbeid av alle aktørar som verkar på tryggleiken i vegsystemet.

Nullvisjonen er bygd på tre grunnpilarar:



Etikk

Alle menneske er unike og uerstattelige. Vi kan ikkje akseptere at mange menneske kvart år vert drepne eller hardt skadd i trafikken.

Viten

Kunnskapen om vår avgrensa meistringsevne i trafikken og tåleevne i ein kollisjon skal legge premissane for val av løysingar og tiltak. Vegtrafikksystemet skal leie trafikantane til sikker atferd og beskytte mot alvorlege konsekvensar av normale feilhandlingar.

Ansvar

Trafikantane, myndighetene og andre som kan påverke trafikktryggleiken har delt ansvar. Trafikanten har ansvar for eigen atferd. Myndighetene har ansvar for å tilby eit vegsystem som legg til rette for mest mogleg sikker trafikk. Kjøyretyproduzentane utviklar trafiksikre kjøyrety. Politiet og interesseorganisasjonar bidreg til å gjere trafikktryggleiken best mogleg.

1.2 Nasjonale tiltaks mål

Etappe mål i NTP var ein reduksjon frå 791 drepne og hardt skadde i 2016 til 550 i 2022.

”Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 – 2021” oppsummerer ei rad tiltaks mål med det mål å oppnå ein betre trafikktryggleik. Tiltaks måla skal bli oppnådd i planperioda dvs. innan 2022 (viss ikkje anna er oppgjeve).

Tiltaks mål retta mot trafikanten:

Tryggleiksutstyr i bil

- Auke i bruk av sikringsbelte i bil. Mål: minimum 98%.
- Auke i bruk av bilbelte for førarar av tunge køyrety. Mål: minimum 95%.
- Alle barn i alderen 1-3 år skal sikras bakovervend i bil. Mål om auke til 75%.

Tryggleiksutstyr for ”mjuke trafikantar”

- Alle syklistar skal bruke sykkelhjelm. Mål om auke til 70% for alle aldersgrupper samla (tidlegare var det eigne mål for 3 forskjellige aldergrupper: «under 12 år, «12-17 år» og «over 17 år»).
- Minimum 50% av fotgjengarar skal bruke refleks på belyst veg i mørke.

Redusere omfanget av køyring i ruspåverka tilstand

- Statens vegvesen viser i sine analysar at ruspåverknad var medverkande årsak ved 23% av vår dødsulykker (1% meir enn i førre periode).
- Innan 2026 skal maksimalt:
 - 0,1 prosent av trafikkarbeidet utførast under påverknad av alkohol over 0,2 promille.
 - 0,4 prosent av trafikkarbeidet utførast under påverknad av narkotika over straffbarhetsgrensa.

Auke respekten for fartsgrenser

- Innan 2022 skal 70% av køyretøya overhalde fartsgrensa.

Tiltaks mål retta mot bilparken:

- 25% av trafikkarbeidet utførast av bilar som har automatisk nødbrems (AEB)
- 52% av trafikkarbeidet utførast av bilar som har feltskiftevarslar.
- 25% av trafikkarbeidet utførast av bilar som har automatisk nødbrems som forhindrar kollisjon med fotgjengarar og syklistar (fotgjenger-AEB).
- 30 % av alle tunge køyrety som er inne til periodisk køyretykontroll skal vere utan manglar som kvalifiserer til køyreforbod (2er og 3er feil).

Tilstandsmål for vegnettet:

- Innan 2022 skal andel av trafikkarbeidet på riksvegar med fartsgrense 70 km/t eller høgare som foregår på «møtefrie veger» aukast frå 49,3% til 54,1%.
- Bygge 165 km nye gang- og sykkelvegar knytt til riksvegnettet
- Bygge 230 km nye gang- og sykkelvegar knytt til fylkesvegnettet.

Vi ser at tiltaks måla handlar om å ta dei ”små stega” - og at dei er svært konkrete.

1.3 Utfordringsbiletet i Oppland

§ 40a i vegtrafikklova gir fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikktryggleiken i fylket. I Innlandet er dette ansvaret delegert til "Trafikksikkerhetsutvalget (FTU) i Innlandet». Utvalet tilrår og samordnar innsatsen gjennom sine partnarar i samarbeidsprosjekt og gjev økonomisk støtte til tiltak. For Innlandet fylke gjeld framleis handlingsplanar for Oppland og Hedmark (2018-2021) separat – fakta i dette dokumentet handlar stort sett berre om Oppland.

Ulykkestala i Oppland har hatt ei positiv utvikling. Oppland er likevel det fylket i Norge som har høgast antal drepne og hardt skadde i forhold til trafikkarbeidet, dvs. der den gjennomsnittlege risikoen for å bli drepne eller hardt skadd pr. køyrde km er høgast. Risikoen er spesielt høg på fylkesvegnettet. Ein stor andel av dei som blir drepne og hardt skadd er førarar eller passasjerar i lette bilar, og kor andelen er høgare enn i andre fylker. Hovudtyngda av alle bilførarar som er innblanda i dødsulykker er menn. Møte- og utforkøyringsulykker er dei mest dominerande ulykkestypene, og Oppland er det fylket der andelen drepne og hardt skadde i møteulykker er høgast. Dei fleste ulykkene skjer utanfor tettbygd strøk. Aldersgruppa 16-24 år er mest utsatt. Eldre trafikantar er også ei utsatt gruppe i forhold til kor mykje dei er eksponert i trafikken.

Hovudvegnettet i Oppland har stor andel gjennomfartstrafikk mellom nord og sør og aust og vest. Nær 20 % av tungtrafikken på riksvegnettet i Norge går på E6 i Gudbrandsdalen. En stor del tungtrafikk inneber auka risiko for ulykker, i tillegg til å vere ein miljøbelastning. Standarden på riksvegar i Oppland med stor trafikkbelastning er for dårleg i høve til funksjonen som tungtrafikkårer.

Oppland er også det største reiselivsfylket i landet. Turistanlegg og storslått natur tiltrekkjer seg mange turistar frå inn- og utland, og medfører mykje trafikk og mange ukjente bilistar på vegnettet heile året.

I Oppland bur 45 % av befolkninga utom byar og større tettstader. Tilsvarande tal for heile landet er 22 %. For mange av desse er hovudvegnettet einaste transportåre. Hovudvegnettet må nyttast som skuleveg, arbeidsveg, turveg, til besøk til grannar og til handleturar. Ofte er dette bunden med så stor risiko at det verkar "fridomsavgrensande". Vi får auka bruk av bil framfor naturleg ferdsle med sykkel eller til fots. Ein stor andel av innbyggjarane sine reiser i Oppland vert gjort med bil. Oppland er blant dei fylkene som har høgast biltettheit og den eldste køyretyparken i landet.

Spreidd busetnad skapar og mykje arbeidspendling. Arbeidsreisene må gjennomførast uansett trafikksituasjon og vêrtilhøve og føre. Spreidd busetnad medfører og mykje transport av skuleelevar. 44 % av grunnskuleelevane i Oppland nyttar skulebuss. Tilsvarande i vidaregåande skule er heile 70 %.

Mange ungdomsmiljø i Oppland er bygd rundt bilen og bilkjøring. Unge mannlege bilførarar i alderen 18-24 har høg ulykkesrisiko i høve til andre grupper i vegtrafikken. I enkelte av desse miljøa er bilen og bilen sine krefter gjenstand for utfolding i form av risikofylt åtferd.

Fylkesvegnettet i Oppland representerer drøyt 3 000 km med varierende standard og ÅDT (årsdøgntrafikk). Det er eit betydeleg vedlikehaldsetterslep på vegnettet, som er berekna til 1,5 milliarder kroner. Det er behov for ein auka vedlikehaldsinnsats for å redusera etterslepet.

2

Øystre Slidre kommune

2.1 Kommunen sitt ansvar

Kommunen har ei klar avgrensa rolle i trafikktryggleiksarbeidet. Det er viktig at vi ser vår rolle og held fokus på våre primæroppgåver.

Desse er:

- I folkehelselova og plan- og bygningslova har kommunen eit generelt ansvar for å førebygge skader og ulykker lokalt.
- Trafikkopplæring retta mot barn og unge. Oppfylle kompetansemål i "Kunnskapsløftet".
- Haldningsskapande arbeid i kommunal fritidsaktivitet for ungdom.
- Opplysningsarbeid kring sikring av spedbarn og unge i bil inngår i helsesøster sitt arbeid.
- Trafikkopplæring retta mot innvandrarakar.
- Stimulere til oppfriskingskurs for eldre bilførarakar.
- Kommunen er planmyndigheit for all arealplanlegging i kommunen. I det ligg ansvar for å legge til rette for gode og trygge oppvekstmiljø for barn og unge, god trafikkseparering mellom mjuke trafikantar og biltrafikk, arealplanlegging som bidreg til å redusere forflytting med bil mellom lokale samfunnsfunksjonar.
- Som stor arbeidsgjevar med mange interne transportoppdrag og kjøpar av eksterne transporttenester markerer rutinar for korleis ein i ei slik rolle opptrer i trafikken.
- Som eigar av barnehagar, skular og andre offentlege bygg har ansvar for gode trafikkale løysingar i deira nærrområde.
- Ansvar for investeringar, drift og vedlikehald av vegnettet med kommunalt driftsansvar med særleg ansvar for trafikktryggleikstiltak på kommunale vegar.
- Komme med tilrådingar til prioritering av fysiske trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet gjennom kommunen.

2.2 Kommunen sine medspelarar i trafikktryggleiksarbeidet

Statens vegvesen

Statens vegvesen har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riksvegnettet og tilsyn med køyretøy og trafikantar. Etaten registrerer trafikantåtferd, ulykkestal, gir rettleiing, informasjon og gjennomfører køyretøykontroll, førarprøver og tilsyn med trafikkskulane. Statens vegvesen driv fagleg rettleiing og bidreg med trafikkopplæring i vidaregåande skule. Statens vegvesen er sekretariat for Innlandet fylke sitt trafikktryggleiksutval ved behandling av søknader om tilskott til kommunale trafikktryggleikstiltak.

Innlandet fylkeskommune

Fylkeskommunen har ansvar for investeringar, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I tillegg har fylkeskommunane eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikktryggleiken i kommunen (vegtrafikkloven § 40a). Prioritering av trafikktryggleikstiltak innan fylkeskommunen sitt ansvarsområde går fram av trafikktryggleiksplaner og av fylkesvise handlingsprogram for fylkesvegnettet. Fylkeskommunen har ansvar for folkehelsearbeidet med omsyn til å førebyggje trafikkskader, ansvar for skuleskyssen samt rettleiingsansvar for areal- og samfunnsplanlegging.

Politi og lensmannsetaten

Politiet utfører kontroll og overvaking av køyretøy, trafikk og trafikantar. Ut over dette driv politiet med informasjon og førebyggjande arbeid i skular, barnehagar og organisasjonar. Samarbeid med kommunen i spørsmål knytt til trafikktryggleik og regulering, skilting og datainnsamlingar ved trafikkulykker er andre oppgåver. Utrykkingspolitiet (UP) gjennomfører trafikkrollar med assistanse frå lokalt politi.

Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er ansvarleg for å koordinere friviljuge organisasjonar sine trafikktryggleiksarbeid. Trygg Trafikk jobbar primært med informasjon og opplæringstiltak i barnehage og skule, men engasjerer seg og kring lågare fartsgrenser, bilbeltepåbod, buss, påbod om sykkelhjelm og lovfesta rett til trygg skuleveg.


Foreldreutval (FAU)

FAU ved dei ulike skulane er viktige samarbeidspartar og bidreg mellom anna til å sette fokus på barna sin skuleveg og moglege utbetringar.

2.3 Trafikkbiletet i Øystre Slidre

Fylkesveg 51 er hovudferdsleåra gjennom Øystre Slidre. Alle sentrale samfunnsfunksjonar er nær knytt til denne hovudvegen.

Tabell 1 syner årsdøgntrafikken (ÅDT) på fylkesveg 51 gjennom vår kommune. Det køyrer i snitt 2.640 bilar på vegen kvar dag og han er etter måten jamstor gjennom heile kommunen fram til Beitostølen.




Tabell 1: Årsdøgntrafikk på fylkesveg 51 gjennom Øystre Slidre

Statens Vegvesen har fire trafikktelepunkt med kontinuerleg måling i vår kommune. Alle desse har vorte installert i perioda 2016-2019, og har derfor enkelte periodar utan målingar i den same perioden. Dei fire trafikktelepunkta er plassert slik (frå lengst nord):


- Fv. 51 Beitostølen nord, rett nord for Garli (målingar frå mai 2019)
- Fv. 51 Beitostølen sør, ikkje langt frå Mørke (målingar frå juni 2016). Denne står rett nord frå der det tidlegare einaste trafikktelepunktet i kommuna stod (Mørke, demontert frå uvisst dato)
- Fv. 2508 Skammestein, ved Skolte (målingar frå august 2019)
- Fv. 51 Austli, rett nord for Moane (målingar frå mai 2019).

Tabell 2 syner sesongvariasjonane i trafikken gjennom vår kommune. Det nye trafikktelepunktet ved Beitostølen sør er nytta her sidan denne har målingar frå lengst tilbake i tid, og er lettare å samanlikna med tidlegare utgåver av denne planen på grunn av plasseringa ved Mørke. Tabellen under viser månadsdøgntrafikk for 2018. Det er vesentleg turisttrafikken over Valdresflye som skaper auka trafikk om sumaren.




Tabell 2: Sesongvariasjon på døgntrafikken på fylkesveg 51 ved Mørke (2018).

Trafikken på fylkesveg 51 er større enn alle fylkesvegar elles i kommunen. Statens Vegvesen har med periodiske målinger og reknemodellar stipulert årstdøgntrafikken også på dei andre fylkesvegane, sjå tabell 3 og 4 under:



Tabell 3: Årstdøgntrafikken på fylkesvegane i 2019 på fylkesvegane (ny nummerering i parentes) 269 (2490), 270 (2492), 284 (2500) og 285 (2502).



Tabell 4: Årsdøgntrafikken på fylkesvegane 2504, 2506 og 2508 (2019).

Fylkesvegnettet


Spesifikasjon over fylkesvegnettet i vår kommune går fram av tabellen under.

Vegnr.	Frå	Til	Lengd
Fv 51	NORD AURDAL / LINEIKROMØRKE	HEIMDALSMUNNEN / VÅGÅ	49251
Fv 2490	VESTRE SLIDRE / RØE	STOREFOSS	9005
Fv 2490	Arm	VELTA	2209
Fv 2492	NORD AURDAL / LINEIKRO	MELBYBRÅTEN	1950
Fv 2500	ERIKSENSAGE	MOANE	4385
Fv 2502	MELBYBRÅTEN	Kryss Bergavegen/Fv51	4495
Fv 2502	Arm	RØDNINGANE	900
Fv 2504	HEGGENES	SÆLID	7650
Fv 2506	MØRKE	LYKKJA	12635
Fv 2508	SKAMMESTEIN	SKJEL / VESTRE SLIDRE	6863
		SUM FYLKESVEG	99343

Tabell 5: Fylkesvegnettet i Øystre Slidre kommune

Kommunale vegar

Kommunen drifter 39 km veg. Dei mest trafikkerte er Beitestølsvegen, Dalsvegen, Gamlevegen og Nerreføssvegen.



Tabell 6: Tal registrerte kjørety i Øystre Slidre dei seinare åra.

2.4 Trafikkulykker

Vi har som grunnlagsmateriale til denne trafikktryggleiksplanen data på trafikkulykker i Øystre Slidre heilt tilbake til 1980. På 38 år har vi i kommunen hatt 186 ulykker med personskader rapportert til politiet. 8 personar er drepne, 34 alvorleg skadd og 153 lettare skadd.




Tabell 7: Utvikling av tal ulykker i Øystre Slidre


Over eit så langt tidsperspektiv kan vi også forsøke å sjå nokre trendar. Tal ulykker for 10 årsperioden 89-98 var 55. Tal ulykker har gradvis gått ned og i 10 årsperioden 09-18 var talet på ulykker 37. Trafikk og tal køyretøy i kommunen er aukande i den same perioden.

Kor skjer ulykkene:

Heile 87 % av alle ulykker med personskader i vår kommune skjer etter fylkesveg 51. Det bør difor ikkje vere tvil om kvar fokus i fysisk trafikktryggleiksarbeid bør vere.



Ulykkesstadene mellom 2001 og 2013 er markert på kartet under.




Det stadfester at dei aller fleste ulykkene skjer langs fylkesveg 51. Dødsulykkene er markert rødt. Ulykker med alvorleg skadde gult og lettare skadde grønt. Vi ser at ulykkene er spreidd relativt jamt gjennom heile kommunen. Ser vi litt nærare og også tek med data lenger tilbake ser vi at det


er nokre punkt som er meir utsett. Vi nemner Lineikromørke, Storefoss-området, kryss fylkesveg 2508, svingen der Vinstervegen tar av og Smådalsvingen i Skammestein og Beitostølen sentrum.

Når skjer ulykkene

Variasjon i tal ulykker gjennom året er stort sett proporsjonal med trafikkmengda på vegane våre. Einaste avvik er at vi har eit "sprang" på førvinteren i samband med det første snøfallet.




Flest ulykker skjer onsdag og fredag. Ulykkene som skjer i helg involverer fleire sidan det i snitt er fleire passasjerar i involverte køyretøy.



Kven er involvert i ulykkene

Tabellen under viser alder på dei som er involvert i ulykker 2001 – 2013. Det er den uerfarne bilførar med medpassasjerar som er kraftig overrepresentert i statistikken. Menn er framleis høgt representert i ulykker også etter han har fylt 30 år. Samstundes skal vi glede oss over at barn nærast ikkje er representert. Alle skadde barn var passasjerar i bil.



2.5 Kva kan vi lese av statistikkaterialet ?

- Arbeidet med fysiske trafikktryggleikstiltak må knytast vesentleg til fylkesveg 51.
- Dei mest ulykkesbelasta strekningane er:
 - Lineikromørken der kurveutretting og betre oversikt vil bidra til betre trafikktryggleik.
 - Moane – Åbakkin – Storefoss – Tingvang. Kryss med fylkesveg 2500 Moane og fylkesveg 2490 er ikkje bygd etter vegmyndigheitene sine egne normer og medverkar til farlege situasjonar. Den bratte bakken i Åbakkin med alle ”hendingar” på ein kort strekning gjennom Storefossområdet gjer vegen ulykkesbelasta.
 - Svingen der Vinstervegen tar av og kryss fylkesveg 2508 i Skammestein. Krysset er trangt og uoversiktleg med dårleg sikt sørover. Svingen der Vinstervegen tar av har ein slik utforming at det skjer mange utforkøyningar her. Kurveutretting ville betre trafikksituasjonen vesentleg.
 - Smådalssvingen er krapp og kjem overraskande på særleg frå nord. Kurveutretting vart utgreidd i fleire høve etter fleire alvorlege ulykker for nokre år tilbake. Ulykkespunktet er der framleis.
 - Beitostølen med krysset mot ”torget” og den kommunale vegen Beitestølsvegen er eit uoversiktleg punkt som er opphav til mange farlege situasjonar.
- Fylkesveg 51 går gjennom dei mest sentrale og mest folkerike delane av vår kommune. Også dei mjuke trafikantane har behov for å bevege seg mellom dei ulike grendelaga langs vegen. Arbeidet med å bygge ut eit godt gang- og sykkelvegnett langs fylkesveg 51 må vere det aller viktigaste trafikktryggleikstiltaket i vår kommune.
- Nasjonal turistveg over Valdresflye lokkar til seg syklistar på langtur. Ei mindre farefull sykkeloppleving gjennom kulturlandskapet i Øystre Slidre vil auke det samla turistproduktet.
- Trua på at haldningsskapande arbeid blant tenåringar og unge vaksne nyttar er viktig. Der ligg det eit stort potensiale for å avgrense ulykkesstatistikken.

3

Ikkje-fysiske trafikktryggleikstiltak

Haldningsskapande og førebyggjande arbeid



3.1 Handlingsplan for ikkje fysiske tiltak

Målgruppe	Tema / gjennomføring	Ansvarleg	Når
Småbarnsforeldre	<p>Sikring i bil Kommunen skal informere og motivere til bruk av sikringsutstyr for barn i bil frå spedbarnsalder. Helsesøster informerer om dette minst ein gong i løpet av alle svangerskapskurs som vert gjennomført. På denne måten vil alle foreldre ha fått denne informasjonen. Informasjonen vert gjeve munnleg, via brosjyremateriell og internett. (Info om utlån av sikringsutstyr ?)</p>	Helsesøster	<p>Kontroller på helsestasjonen</p> <p>4-årskontroll / førskule</p> <p>Kontroll i 2. klassesteg.</p>
Barn i barnehagane	<p>"Trafikktryggleik for barn". Informasjon om sikring av barn i bil. Generelt om trygg ferdsel til og frå barnehagen med bil, syklande eller som fotgjengar Korleis vi vaksne bringer barn til og frå barnehagen. I oppstartsamtale og rundskriv</p>	Barnehagestyrar	Kvar haust

Barn i barnehagane	Trafikkåtferd i kvardagen Før kvar utfart frå barnehagen snakkar personalet om korleis ein går i trafikken, kryssar veg mv. Alle born og vaksne har på refleksvestar på tur	Barnehagestyrar	Heile året
Barn i barnehagane	Trafikkopplæring Gjennomgang av pedagogisk opplegg frå Trygg Trafikk (TARKUS)	Barnehagestyrar	Kvar vår
Personalet i barnehagane	Personalmøte med "oppfrisking" av trafikktryggleiksarbeidet	Barnehagestyrar	Kvar haust
Grunnskulen 1. klassesteg	Skulevegen Kort tid etter skulestart deler skulen ut refleks og refleksvestar til 1. klassingane. Opplæring i korleis ein bør gå på skulevegen / til bussen og kor viktig det er å vere synleg.	Rektor	Tidleg haust i 1. klasse
Grunnskulen 1. klassesteg	Skuleskyss i buss Ein av dei første skuledagane vert foreldre og barn orientert om korleis barn bør te seg på skulevegen fram til busshaldeplassen, ved av- og påstigning og i bussen. Deler ut kort frå Trygg Trafikk om korleis ein oppfører seg ved av- og påstigning på buss.	Rektor i samråd med Busselskapet	Ved skulestart 1. klasse
Foreldre 1. klassesteg	Skulevegen Oppmode foreldre til å følgje sine barn på skulevegen / til busshaldeplass den første tida, og at det vert gjort avtale med arbeidsgjevar om dette.	Foreldre Arbeidsgjevar	1. halvår i 1. skulesteg
2. klassesteg	Gjennomføring av kompetansemåla i kroppsøving etter 2.klassesteg: Øve på trygg ferdsel i trafikken	Rektor	Årleg
4. klassesteg	Gjennomføring av kompetansemåla i kroppsøving etter 4.klassesteg: Forstå og følgje reglar i trafikken	Rektor	Årleg
Grunnskulen	Skjema «Ut på tur» fylles ut når tur skal gjennomførast	Rektor	Løpende
Grunnskulen	Trafikktryggleik er del av rutinane for ankomst til og avreise frå skulen og skuleturar Krav om hjelm i samband med bruk av framkomstmiddel til skulen (sykkel hoverboard, skateboard, onewheel, longboard og sparkesykkel).	Rektor	Årleg
Foreldre	Personalmøte med "oppfrisking" av trafikktryggleiksarbeidet	Rektor	Kvar haust
Foreldre	Foreldremøte Trafikktryggleik som tema «Foreldre som rollemodellar» «Foreldrekjøring til og frå skule og aktivitet»	Rektor	Løpande
Mellomsteget	Trafikkdag - Sykkelprøva	Rektor	Kvar vår

10. klasseteg	Politiet kjem og informerer om sykling i trafikken, bruk av hjelm og vedlikehald av sykkelen som ein viktig del av tryggleiken. Skulen vert oppmoda til å innarbeide dei reglar for bruk av sykkel og sykkelhjelme som foreldre er samde om skal praktiserast.	Medverknad frå politiet	
	Besøk på Norsk vegmuseum på Hunderfossen. Pedagogisk trafikktryggleiksdag med forpliktande for- og etterarbeid.	Rektor ØSUS	Årleg
Ungdomsaktivitet	Haldningsskapande arbeid opptreden i all kommunal aktivitet retta mot ungdom så som ungdomsklubb, mekkeverkstad m.v.	Kultursjef Ungdoms- arbeidar	Kontinuerleg
Innvandrarar	Informasjon Informere innvandrarar busett i kommunen om trafikkåtferd og reglar.	Kommunalsjef Flyktning- konsulent Voksenoppl.	Ved mottak
Eldre	Oppfriskingskurs Oppfriskingskurs for eldre bilførarar Medikamentbruk Bruk av refleks	Eldreråd Pensjonistlag Kjøreskule Kommunelege	Årleg
Funksjonshemma	Universell utforming / tilrettelegging Godt merka og store nok P-plassar for funksjonshemma. Universell utforming og god og sikker tilgjenge alle.	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Teknisk sjef	Ved behov
Friviljuge organisasjonar, idrettslag	Transport av barn Markere ansvar og haldningar ved transport av barn og unge i samband med transport til og frå t.d. trening, kampar og konkurransar	Lag og foreiningar	Ved sesongstart
Alle	Kontrollar og rettleiing Synleg politi og vaksne som kan rettleie i trafikken og eit politi som kan utføre kontrollar for å markere eit regelverk	Politi	Heile året

Fysiske trafikktryggleikstiltak



4.1 Prioriterte fysiske tiltak langs fylkesveg 51

Med bakgrunn i at 87 % av alle ulykker med personskader i vår kommune skjer langs fylkesveg 51 er det naturleg at alle tiltak knytt til fylkesveg 51 har høg prioritet. Tiltak på og langs fylkesveg 51 er Oppland Fylkeskommune sitt ansvar. Prioriteringane i denne planen er difor ei tilråding til fylkeskommunen.

4.1.1. Gang- og sykkelvegnett / turveg langs fylkesveg 51

Kommunen har det klare mål om samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 51 på strekninga Melbybråten – Garli.

Deletapper prioriterer kommunen slik:

- 4.1.1.1. Kyrkjebergvegen – Moane (fv2500).
- 4.1.1.2. Skammestein (fv2490) – Lidar skule – Smådalsvingen – Nordheimvegen
- 4.1.1.3. Heggenes – Sæle (fv2508)
- 4.1.1.4. Skammestein (fv2490) – Varpet (sør for Lidar skule)

4.1.2. Kurveutretting

Kurveutretting av Smådalsvingen nord for Skammestein hadde høg prioritet i tidlegare planar. Kommunen ser framleis på dette som eit viktig trafikktryggleikstiltak.

- 4.1.2.1. Smådalsvingen, Skammestein (ref. FS-47/20)
- 4.1.2.2. Svingen der Vinstervegen tar av, Skammestein
- 4.1.2.3. Åbakkin – Storeføss - Tingvang

4.1.3. Utbetring av kryss

Utbetring av krysset mellom fylkesvegane 51 og 2508 hadde høg prioritet i tidlegare planar. Kommunen prioriterer dette framleis høgt.

- 4.1.3.1. Kryss fv51 / 2508 Skammestein
- 4.1.3.2. Kryss fv51 / fv2490 Storeføss (gjort små tiltak, kapping av rekkverk, spleising av skrånning)
- 4.1.3.3. Kryss fv51 / fv2500 Moane

4.1.4. Planfri kryssing/gangfelt

- 4.1.4.1. Planfri kryssing Heggenes sentrum (ref. FS-47/20)
- 4.1.4.2. Planfri kryssing skiløype Beitostølen Sør (Syvervegen / Beitostølen Camping)
- 4.1.4.3. Planfri kryssing/gangfelt ved avkjøring Solhaug

4.2 Prioriterte fysiske tiltak på fylkesvegane elles

4.2.1. Generell utbetring vegstandard

Delar av fylkesvegnettet er av slik forfatning at vegstandarden i seg sjølv representerer ei trafikkfare. Svært ujamn vegbane gjer det umogleg å gjennomføre godt vintervedlikehald. Vegvedlikehaldet må betrast også på dei mindre trafikkerte fylkesvegane.

I handlingsprogram for fylkesvegane 2018 – 2021 ligg det ikkje inne noko løyving til konkrete utbetringar av fylkesvegane i Øystre Slidre, utanom gang- og sykkelveg frå Bergavegen/Gamlevegen til Kyrkjebergvegen (som nemnt andre stader i dette dokumentet).

Kommunestyret meiner fylkeskommunen må sikre godt vedlikehald av fylkesvegane inkl. sykkel- og gangsvegar knytt til fylkesvegane. Følgjande strekningar prioriterast:

4.2.1.1 Fullføre dekkelegging Fv 2504 Robøle – Heggenes motell

4.2.1.2 Fullføre dekkelegging Fv 2506 Mørken – Beito

4.2.2. Gang- og sykkelveg

Storefoss Stadion har stor fotballaktivitet blant barn og unge og vert nytta i undervisninga ved Øystre Slidre ungdomsskule. Det fører med seg trafikk av born og unge langs fylkesveg 2490. Utviding av Løken bru ved Storefoss til to køyrefelt og fortau var del av prioriterte tiltak i tidlegare planar.

4.2.2.1 Gang- og sykkelveg fv51 – Storefoss Stadion

4.2.3. Utbetring av kryss

Krysset mellom fv2492, fv2502 og Gamlevegen er uoversiktleg og det ligg føre utkast til utbetring.

4.2.3.1 Kryss fv2492 / fv2502 Melbybråten

4.2.3.2 Kryss fv2500 / Stølsvegen, Moane

4.2.3.3 Kryss fv2490 / Nerreføssvegen / Nyhagevegen ved Torget i Volbu

4.2.4 Utbetring av smale bruer

Utbetring av Løken bru ved Storefoss har vore del av vegvesenet / fylket sine planer i svært lang tid.

4.2.4.1 Fv2490 Løken bru, tofelt bru m/gangfelt

4.2.4.2 Fv2504 "Mosbrue", ny tofelt bru

4.2.4.3 Fv2508 Skoltefoss bru, ny tofelt bru

4.2.5. Gatelys

Gatelyst i og fram til bustadområde

4.2.5.1 Gatelyst langs fv2500 gjennom Moane

4.2.5.2 Gatelyst fv 2490 Storefoss – Vølbu

4.3 Prioritering frå Øystre Slidre ved rullering av handlingsprogram for fylkesvegvar 2022-2025 / 27

Øystre Slidre kommune sine prioriteringar til handlingsprogram for fylkesvegvar 2022-25/27 vart vedtekne i kommunestyret 18.juni 2020 og ser slik ut:

1. Fv. 51: Gang- og sykkelveg Rogne (Kyrkjebergvegen) – Moane (2800 meter).
2. Fv. 51: Gang- og sykkelveg Myhre Gard – Skammestein (2400 meter).
3. Fv. 51: Planfri overgang for mjuke trafikantar i Heggenes sentrum.
4. Fv. 2490: Tofeltsbru ved Storefoss (Løkjebrue) med utbetring av krysset mot fylkesveg 51 og gang- og sykkelveg frå Løkjebrue til Storefoss stadion.
5. Fv. 51: Kurveutretting av Smådalsvingen rett sørom Myhre gard.

Punkt 2 og 5 må planleggast og sjåast i samanheng.

4.4 Prioriterte fysiske tiltak kommunale vegvar

Tiltakene er satt opp i prioritert rekkefølge vurdert ut frå trafikktryggleikshensyn.

1. Veg – parkering knytt til skuler og barnehagar
 - a. Rogne barnehage – veg- og parkeringsløyising herunder gangvegmuligheter frå Solhauglie til Rogne barnehage og Rogne skule
 - b. ØSUS – Tingvang – parkering, gangarealer, beredskap
2. Gang- og sykkelveg
Langs kommunale vegvar har vi desse prioriteringane.
 - a. Fortau / gangveg langs Beitestølsvegen (delvis gjennomført) Beitostølen sentrum – Finntøppvegen
 - b. Fortau / gangveg langs Beitestølsvegen Finntøppvegen – Klyppemyrhaugen
3. Utbetring av smale bruer

Volbu bru er smal og har nær vinkelrett innkjøring frå begge sider. Ny bru må til.

- a. Ny "Volbu bru", Nerreføss (løyve for prosjektering ligg føre i 2020)
4. Opprusting vegparsellar
- a. Kommunal overtaking av Finntøppvegen og oppgradering av denne
 - b. Vegomlegging Onstadbakkane
 - c. Nyhagevegen
5. Planfri kryss skiløype
- a. Planfri kryssing skiløype Beitestølsvegen (løyving ligg føre)
 - b. Planfri kryssing skiløype Finntøppvegen
6. Gatelys
- a. Gatelys langs Beitestølsvegen strekning Beitostølen Sentrum – Klyppemyrhaugen
7. Utbetring av kryss
- a. (ingen identifiserte tiltak)



4.5 Program for busshaldeplassar

Program for nye og universelt utforma busshaldeplassar er så smått kome i gang også i Øystre Slidre. Busshaldeplassar i samband med den nye gang- og sykkelvegen har fått slik utforming. Vi er oppmoda til å sette opp ei prioriteringsliste over nye busshaldeplassar og plassar som bør byggast om.

- | | |
|--|---|
| 1. Haldeplass Kyrkjevegen Hegge
Nordgåande og sørgåande retning | Haldeplassnr: 05440113
Vegreferanse: FV51HP4 m5327 |
|--|---|

Det er ingen tilrettelagt haldeplass for buss på staden i dag. Nordgåande buss stopper i krysset Kyrkjevegen og sørgåande buss nyttar nærliggande avkøyring til gardsveg. Busstopp midt i eit kryss skapar uheldige trafikksituasjonar. Haldeplassen er såpass mykje brukt at det er behov for fullverdige busshaldeplassar.

- | | |
|--|---|
| 2. Av- og påstigning skuleelevar Moane | Haldeplassnr: Ukjent
a. Vegreferanse: FV2500 HP1 m4125 |
|--|---|

Det er av- og påstigning for skuleelevar i krysset fylkesveg 2500 og Stølsvegen. Dette

- | | |
|---------------------------------|---|
| 3. Haldeplass Heggebø barnehage | Haldeplassnr: 05440126
a. Vegreferanse: FV2504 |
|---------------------------------|---|

Busstopp i kryss/veg FV2504 – Bergabygdvegen utan tilrettelegging for stopp for buss.

- | | |
|--|--|
| 4. Haldeplass Gullbakkvegen
Sørgåande retning | Haldeplassnr: 05440115
Vegreferanse: FV51 HP4 m2524 |
|--|--|

Busstoppet har berre skilt og ingen busslomme på sørgåande side. Mange skoleelevar har påstigning her. Meir trafikktrygg påstigning med busslomme og fortau / venteareal har høg prioritet. På nordgåande side kan bussen kjøre delvis av frå hovudvegen, men også her er det behov for tydelegare markert busslomme og venteareal.

5. Haldeplass Beitostølen Helseportsenter Haldeplassnr: 05440105
Nordgåande og sørgåande retning Vegreferanse: FV51 HP4 m16245
Beitostølen Helseportsenter er ein viktig behandling sinstitusjon for funksjonshemma og trafikkskadde. Oppgradering av haldeplassane knytt til denne institusjonen er viktig.

6. Haldeplass Tingvang Haldeplassnr: 05440245
Sørgåande retning Vegreferanse: FV51 HP4 m464

I nordgåande retning er det avstigning direkte til gang- og sykkelvegen. Det er behov for meir tilrettelagt haldeplass også i sørgåande retning sidan haldeplassen betener kommunehuset Tingvang, næringsbygg og ungdomsskule.

7. Haldeplass Sæle Haldeplassnr: 05440114
Sørgåande og nordgåande retning Vegreferanse: FV51 HP4 m3663

Sørgåande haldeplass er i nedkjørsle til tidlegare butikk og vert delvis nytta til parkering. Det er behov for tydeleg markering av trafikksikker av- og påstigningsareal.

4.6 Revidering av kriterier for trygg skuleveg

Øystre Slidre kommune har nokre kriterier for vurdering av trygg skuleveg. Desse kriteria er nokre år gamle. Det kan vere tida for å ta ein gjennomgang av kriteriene for å få samla desse, få vurdert om dei er som kommunen ynskjer eller om det er behov for endring av nokre av dei.

Døme på kriterier er: fart, vegbreidde/kvitstripe, gatelys, kurvatur, ÅDT, sumar/vinterskilnader mv.

Slike kriterier er knytt til tildeling av gratis skuleskyss.

Det leggst til rette for revidering av kriteriene slik at de er implementert frå og med skuleåret 2021-22.

4.7 Enklare tiltak

Trafikktryggleikplanen består i stor grad av tiltak som krev økonomi og avklaringar overfor ulike aktørar. Det kan også bli oppnådd effekt på trafikktryggleik ved å gjennomføre av relativt enkle tiltak. Døme på slike tiltak kan være rydding av skog i nærleiken av kryss for å betre oversikt, flytting av stolpar som sjenera sikt i trafikkbilete, skilting, merking av gangfelt mv. Administrasjonen vil gjennomføre denne typen tiltak innanfor dei årlege driftsbudsjetta.